



Arkitektkontoret Børтveit & Carlsen AS

Hagellia 6

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2756 - 19/35284

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

29.11.2019

Førebels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gnr 202/42 Hjelmås

Tiltak: Riving, grunn og terrengarbeid etablering av kai

Byggjestad: Gbnr: 202/42

Tiltakshavar: Hjelmås Mekaniske Verksted AS

Ansvarleg søker: Arkitektkontoret Børтveit & Carlsen AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.11.2019.

Vi viser til telefonisk kontakt med ansvarleg søker 28.11.19 og 29.11.19.

Avklaring i høve anna sektormynde

Arbeidstilsynet

Dei aktuelle tiltaka er søknadspliktige tiltak som gjeld ein etablert arbeidsplass. Tiltaket krev at det ligg føre samtykke frå Arbeidstilsynet etter arbeidsmiljølova § 18-9. [Skjema 5177](#) med vedlegg skal nyttast ved oversending av saka til Arbeidstilsynet.

Bergen og Omland hamnevesen

Vi viser til uttale frå Bergen og Omland hamnevesen datert 02.10.19, kommunen sendte 28.11.19 skriv til Bergen og omland hamnevesen der vi bad om at det vert fatta vedtak etter hamne- og farvasslova.

Utan samtykke frå Arbeidstilsynet og vedtak etter hamne- og farvasslova kan vi ikkje gje løye i eitt trinn. Dersom de ønskjer at søknaden vert gjort om til rammesøknad ber vi om tilbakemelding på det.

Vi gjer merksam på at sidan tiltaket krev vedtak etter arbeidsmiljølova og hamne- og farvasslova så er ikkje vilkåra for 3 vekers sakshandsaming oppfylt.

Privatrettslege tilhøve

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Delar av tiltaket gjelde utbetring av tilkomstveg til eigedom gbnr. 202/42, 44 og 75. Som nemnd per telefon så må det innhentast privatavtale som gjev rett til å gjennomføre utbetringane. Vi ber dykk ta kontakt med Teknisk drift hjå Lindås kommune for å avklare tilhøve knytt til eigedom gbnr. 202/152.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vedtak om samtykke frå Arbeidstilsynet med omsyn til tiltaka, eventuelt skriftel uttale frå Arbeidstilsynet dersom dei finn at tiltaka ikkje krev vedtak om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9.
2. Vedtak etter hamne- og farvasslova.
3. Avtale som gjev rett til å forestå utbetringar på veg f_SKV1 (tilkomstveg til gbnr 202/42 mfl.)
4. Dersom de ønskjer å dele opp søknaden ber vi om at de melder skriftleg attende til kommunen der de ber oss om å handsame søknaden som søknad om rammeløyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.03.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Til orientering

I samband med overgang til Alver kommune 01.01.2020 vert vårt sakshansamingssystem stengt ned frå 20.12.19 til januar 2020.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitektkontoret Børteit & Carlsen Hagellia 6
AS

5914

ISDALSTØ

Kopi til:

Hjelmås Mekaniske Verksted AS Leknesvegen 183 5915 HJELMÅS

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børteit & Carlsen Hagellia 6 5914 ISDALSTØ
AS